

Protokoll rep.skap 27. mai 2025

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Rørby, Pål Terje (07.08.1971), signert 03.07.2025 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Hallingdal brann- og redningsteneste iks

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks


Møtestad: Torpomoen, Stabsrommet
Møtedato: Tyrsdag 27.05.2025
Tid: 10⁰⁰ – 13¹⁵
Handsama saker: 1/25 – 5/25
Tilstades: Pål Rørby, Hemsedal kommune, leiar
Merete Gandrud, Flå kommune, nestleiar
Solveig Vestenfor, Ål kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Anne Kari Eriksen, Nesbyen kommune

Forfall: -
Andre: Håkon Myro, styreleiar
John Bjella, brannsjef

Diverse merknadar: ingen

Underskrifter:
Stad: Torpomoen
Dato: 27.05.2025

Pål Rørby
leiar


John Bjella
brannsjef

Møteprotokoll er sendt til:

- Hemsedal kommune
- Gol kommune
- Ål kommune
- Nesbyen kommune
- Flå kommune



SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Tittel
Sak 01/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 02/25	Årsregnskap og årsmelding 2024
Sak 03/25	Orientering om drift/økonomi i selskapet
Sak 04/25	Orientering om Totalberedskap AS
Sak 05/25	Eventuelt

SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak i Representantskapet:

Innkalling og sakliste vart godkjent

2/25 Årsregnskap og årsmelding for 2024

Saksopplysningar:

Hallingdal brann- og redningsteneste hadde i 2024 eit samla ordinært resultat på kr. 1.459.483,66 før finanstransaksjonar (avsetning til fond), mot eit budsjett på -800.000,-. Det var budsjettert med 800.000 i bruk av fond på feiartenester (sjølvkost). Etter fondsavsetningar vart resultatet eit meirforbruk på kr. 147.763,69 som er ført på balansekonto «Regnskapsmessig meirforbruk 2025» som skal dekkast inn i 2025. Dette meirforbruket er på tenesta 3391 Brann- og ulykkesberedskap (ikkje sjølvkost), etter at kr. 550.783,54 er dekkta frå disposisjonsfondet. Totalt meirforbruk på denne tenesta i 2024 var difor totalt kr. 698.457,23.

I april 2024 låg me an til eit meirforbruk på om lag 2 millionar, som me då orienterte rep.skapet og kommunedirektørane om. Det vart iverksett ein spareplan, i tillegg fekk me hjelp av færre utrykkingar resten av året, enn det me låg an til 1. kvartal. Med dette såg resultatet til å bli om lag i balanse mot slutten av året. Men så vart premieavviket (+ amortisering av tidlegare års premieavvik) på kr. 508.585,-. Året før var dette kr. -774.869,- I tillegg måtte me gjere innkjøp av vernetøy for kr. 400.000,- i 3. kvartal som det viste seg å være avvik på etter vernerundane. Det var etterslep på grunn av innsparing.

Etter fondsavsetningane er disposisjonsfondet som var på kr. 550.783,54 brukt opp og er i 0. Mens sjølvkostfondet er på kr. 2.144.866,89

For ytterlegare kommentarar til årekskapet visast det til side 62-64 i årsmeldinga der avvik er forklart.

Brannsjefen si tilråding til vedtak

1. Styret vedtek årsregnskapet for 2024
2. Styret godkjenner årsmeldinga for 2024
3. Årsregnskapet for 2024 vert lagt fram for representantskapet for endeleg godkjenning
4. Årsmeldinga for 2024 vert lagt fram for representantskapet for endeleg godkjenning
5. Årsrekneskap og årsmelding for 2024 vert lagt fram for kommunestyra som meldingssak

Dokumentet er signert digitalt av:

• Rørby, Pål Terje (07.08.1971), 03.07.2025

Forseglet av



Posten Norge

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek årsregnskapet for 2024
2. Styret godkjenner årsmeldinga for 2024
3. Årsregnskapet for 2024 vert lagt fram for representantskapet for endeleg godkjenning
4. Årsmeldinga for 2024 vert lagt fram for representantskapet for endeleg godkjenning
5. Årsrekneskap og årsmelding for 2024 vert lagt fram for kommunestyra som meldingssak

Vedtak i representantskapet:

Revisor fann ein feil i årsregnskapet før møtet. Feilen betrar resultatet og endrar saldo på fond. Rep.skapet gjennomgjekk det endra regnskapet i møtet og ber styret handsame dette før Rep.skapet endeleg godkjenner årsregnskapet og årsmeldinga for 2024 på mail.

Vedlegg:

- Årsregnskap for 2024
- Årsmelding for 2024
- Uttale frå leiinga for 2024

3/25 Orientering om drift/økonomi i selskapet

Saksopplysningar:

Analyser:

Det er utarbeida ROS, beredskapsanalyse og beredskapsplan for selskapet i 2024. Denne ROSen er analyse av risiko og sårbarheit som kan utfordre selskapet sin moglegheit til å levere dei tenestene me skal. Dette må ikkje forvekslast med pålagt ROS, Beredskapsanalyse og forebyggjandeanalyse som grunnlag for korleis me skal være organisert, dimensjonert, utrusta og bemanna som vart gjennomført i 2022 og skal rullerast kvart 4. år.

Analysane for HBR som selskap viser at dei største risiko og sårbarheitene som kan utfordre selskapet på å levere tenestene er aukande oppdragsmengde og aukande myndigheitskrav. Det fører til vesentleg auke i kostnader i kvart år, og det medfører at dei deltidssette brannmannskapa stadig må kunne fleire oppgåver og må bruke meir av «fritida» si på brannvesenet. Det aukar turnover, det utfordrar rekruttering og det medfører stadig auka kostnader. Dette skjer i ei tid der den sivile beredskapen i kommunane er viktigare enn nokon gong, samstundes som kommuneøkonomien generelt i Noreg vert strammare for kvart år.

Status økonomi pr. 22. mai 2025:

Me har forholdsvis liten auke i utrykkingar so langt i år. I tillegg har me iverksett ein plan med å vente med budsjetterte tiltak for ca. 1,5 millionar for å sjå an korleis utviklinga på utrykkingar utover i 2025 vert.

Rekneskap pr. 22. mai 2025:

Liste: Ansvar - Teneste - Inntekter/Utgifter - Art - P...	Regnskap 2025	Budsjett 2025	Avvik fra ...	Regnskap 2024	Budsjett
ALLE	-6.753.855	2.306.000	-292,88	-5.674.078	-14.198.000
8410 Hallingdal Brann- og redningsteneste	-10.402.444	-1.539.000	675,92	-9.009.135	-17.509.000
> 2851 Tjenester utenfor ordinær kommunal virksom	0	0	0,00	0	-266.667
3391 Brann og ulykkesberedskap	-10.402.444	-1.539.000	675,92	-9.009.135	-17.242.333
> Utgifter	15.341.205	16.892.000	90,82	15.522.093	13.973.000
> Inntekter	-25.743.649	-18.431.000	139,68	-24.531.228	-31.215.333
8411 Hallingdal feiarvesen	3.648.589	3.845.000	94,89	3.335.056	3.311.000
3382 Feietjenester	3.648.589	3.845.000	94,89	3.335.056	3.311.000
> Utgifter	3.728.689	3.845.000	96,98	3.402.187	3.536.000
> Inntekter	-80.100	0	0,00	-67.131	-225.000

Låneramme:

Dokumentet er signert digitalt av:

- Rørby, Pål Terje (07.08.1971), 03.07.2025

Forseglet av



Posten Norge

Låneramma i selskapet er brukt opp. Rep.skapet vedtok ein auke i låneramme frå kr. 12 millionar til 30. millionar. Det vart utfordrane for Nesbyen så vedtaket vart å auke låneramma frå 12 mill. til 16,7 mill. for å kunne låne til tankbil til Flå som var i bestilling. Lån er berre brukt til å kjøpe store køyretøy (brannbilar). HBR har 12 store køyretøy. Med ein utskiftingstakt på 20 år må det byttast ein stor bil kvart 1,5 år. Tankbil/brannbil kostar i dag ca. 5-7 millionar (ca. 5 for tankbil og 7 for brannbil). Om bilane går litt over 20 år går normalt sett bra utan store påkostnader. Men selskapet kan ikkje drive lang tid før låneramma må aukast. Det kan også leggest til at HBR har fått køyretøy til ein dåverande verdi på ca. 16 millionar frå Gjensidige og Gjensidigestiftelsen. Det har spara kommunane for omlag tilsvarande det me har i lån i dag.

Investering/store kostnader framover:

Selskapet vil få store kostnader i åra framover:

- 2029: 10-års revisjon på stige bilen. Bla. er det krav om at alle hydraulikkslangar må byttast pga sikkerheit. Dette har ein kostnad på ca. 2 millionar.
- Ca. 2030: Nytt nødnett kjem. Det må bla. kjøpast nye radioar til alle. Kostnad ca. 2 millionar
- 2027: Me tilrår at det investerast i påkrevd utstyr for vask av klede og utstyr (barrierevask) på ein stasjon i staden for på alle stasjonar, og at dette vert gjort på den nye brannstasjonen på Gol. Det har ein kostnad på ca. 4-500.000,-

Det vert tilrådd at rep.skapet vurderar å sette av årlege midlar til dette frå 2026, eller at låneramma aukast.

At låneramme er oppbrukt og me ikkje har fond gjer at me må lease småbilar. Fleire av desse bilane kunne me kjøpt brukt og dermed spara på det.

Eigarmøte:

HBR har mange utfordringar og står framfor fleire nye utfordringar. Det vert difor tilrådd å halde eit eigarmøte rett over sommaren, der styret, rep.skapet og kommunedirektørane deltek.

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Representantskapet tek saka til orientering

Vedtak i representantskapet:

Representantskapet tek saka til orientering

4/25 Orientering om Totalberedskap AS

Saksopplysningar

Prosjektleder Henrik Trømborg i Selskapet Totalberedskap AS orientering om selskapet og forprosjektet på nasjonalt treningsfelt på ras og skred på Torpomoen (USAR)

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Representantskapet tek saka til orientering

Vedtak i representantskapet:

Representantskapet tek saka til orientering

5/25 Eventuelt

Saksopplysningar

Det var ingen saker på eventuelt

